



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Friluftsrådet Ålesund og Omland, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidarkretsar og 4H Møre og Romsdal tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Møtereferat – FNF – 19 juni 2015 (kl 0945–1200)

Møtestad: FNF sine lokaler på Molde gml stadion

Til stades; Ola Fremo (FNR), Åsa Fredly (NJFF), Øystein Folden (NAT) og Ingbjørn Bredeli (FNF). Åsmund Steen (ÅST) og Synnøve Valle (Speidarane) hadde meldt forfall.

Møtet hadde utgangspunkt i førre AU-møte 18 mai der ein bestemte at; *FNF satsar på eit opplegg i Friluftslivets veke under Dyregod-dagane der ein både har ei skulesatsing og ein fokus på politikarar. AU sine repr kjem med innspel til FNF-koordinatoren slik at me får sendt ein søknad om kr 50 000 til Friluftslivets veke innan fristen (sjå vedlagte søknad frå 2014).*

1. Friluftslivets veke 2015

I forkant av møtet hadde speidarane meldt inn kva dei tenkte å gjere under dyregoddagane.

Nemnd under diskusjonen:

Samlingsstaden blir som i fjor på det grønne feltet ved idrettsanlegget (sjå kart under) – her lagar me til eit samlingspunkt i form av ei tunløysing bestående av; eit klatretre i form av eit furu som ein legg ned på bakken,



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

ei ukvista bjørk stilt på høgkant og legg ein presenning over, ein lavo og ein karusell i naturvarianten (laga av strangar)
Aktivitatar under Dyregoddagane blir; spikking, klatring, matlaging, røyking, bogelaging, orientering og liknande.

Budsjett for Dyregoddagane

Til dei deltakande organisasjonane	kr 25 000
Smaksprøver	kr 5 000
Tretransport	kr 5 000
Magnumkompass	kr 5 000
Hassel til bogebygging	kr 5 000
Premier	kr 5 000
Totalt	kr 50 000

Politisk arbeide blir å invitere politikarane med på overnatting natta 5-6 sept samt lage eit spørjeskjema til dei i forkant av Dyregoddagane. Vi vil invitere politikarane til ei økt der dei får nokre utfordringar knytt til naturvern/friluftsliv.


Neste møte i AU blir fredag 21. aug. kl 0945 (eller seinare på dagen).

23.06.2015

FNF Møre og Romsdal
Ingbjørn Bredeli



forum for
natur og **f**riluftsliv
Møre og Romsdal



Kart som viser kor dei grønne organisasjonane skal halde til under Dyregoddagane 2015